



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 033
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/936	<b>Løpenr:</b> 18/696
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	01.02.2018	004/2018
Kommunestyret	22.02.2018	004/2018

### Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker

#### **22.02.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

#### **KS- 004/2018 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

#### **01.02.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese (A) spurde om spørsmåla i notatet frå kontrollutvalet som låg ved saka, skal handsamast av formannskapet eller kommunestyret. Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at notatet vart lagt fram for kommunestyret 20.09.2017 og ikkje skal handsamast ut over dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

#### **FORM- 004/2018 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til reglar/rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker vert vedteke, og vert vedlegg til Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

**Dokument som er vedlagt:**

Notat frå kontrollutvalet datert 18.05.2017

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Forvaltningslova, Kommunelova, Reglement for kommunestyret m.fl. i Samnanger kommune, Kommentarutgåve til kommunelova (Bernt/Overå, Kommuneforlaget), Kommunal- og regionaldepartementet sin veiledar om habilitet i kommunar og fylkeskommunar

**Kva saka gjeld:**

Ulike problemstillingar knytt til gildskap/ugildskap vart tekne opp i kommunestyret i 2017, mellom anna i orientering frå Deloitte i kommunestyret 15.05.2017 og i notat frå kontrollutvalet som var vedlagt innkallinga til kommunestyremøtet 20.09.2017. Det har også kome ønske frå folkevalde i kommunen om å få på plass betre/tydelegare rutinar for vurdering av gildskap.

Kommuneadministrasjonen har no gått gjennom kva rutinar/interne reglar Samnanger har for folkevalde i dag, samt sett på nokre andre kommunar. På bakgrunn av dette har administrasjonen utarbeidd forslag til utfyllande reglar/rutinar for folkevalde i Samnanger.

**Lovgrunnlag:**

Utgangspunktet for vurdering av gildskap er reglane i [kapittel II i forvaltningslova](#), mellom anna § 6:

► **§ 6. (habilitetskrav).**

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltingssak

- a) når han selv er part i saken;
- b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;
- c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;
- d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;
- e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for
  - 1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller
  - 2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nært personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvalningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.

I tillegg inneheld [kommunelova § 40.3](#) nokre særreglar:

**3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler:**

- a. Inabilitet inntrer ikke ved valg til offentlige tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv.
- b. Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.
- c. Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

### Reglar i Samnanger kommune

I Samnanger sitt reglement for kommunestyret m.fl. står det i punkt 2.11 følgjande om gildskap (habilitet) for folkevalde i kommunestyret:

#### **2.11 Gildskap (habilitet)**

Den som er ugild i ei sak, jf. [kommuneloven § 40](#) pkt. 3 a-c, jf. habilitetsreglane i forvaltningsloven kap. II, skal ikkje vera med å drøfta eller avgjera ei sak. Når ein kommunestyremedlem veit at han/ho er ugild eller det kan reisast tvil om hans/hennar gildskap, bør han/ho så snart han/ho har fått innkallinga til møtet, melda frå til kommuneadministrasjonen slik at varamedlem kan varslast og kallast inn. Varamedlem skal straks kallast inn når det er grunn til å tru at ein kommunestyremedlem vil verta kjend ugild (jf. pkt. 2.6 i dette reglementet).

Det er kommunestyret som tek avgjerd i om ein medlem er ugild eller gild. Det skal alltid røystast over gildskap når dette spørsmålet kjem opp i handsaminga av saka. Varamedlem skal, dersom dette er praktisk mogleg, vera med under kommunestyret si handsaming av gildskapen til den faste medlemmen. Først når vedtak om gildskap/ugildskap er fatta, kan handsaminga av sjølve saka halda fram.

På side 1 i møteinkallingar til folkevalde organ i Samnanger er det lagt inn følgjande tekst:

**Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissteret.**

### Utfordringar knytt til vurdering av gildskap:

Det er ikkje alltid lett å vurdera om ein folkevald skal vera gild eller ugild i ei sak. Slike problem oppstår oftast dersom gildskap skal vurderast i forhold til det andre avsnittet i § 6 i forvaltningslova:

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Det går fram av § 8 i forvaltningslova at i kollegiale organ skal avgjerd om gildskap takast av organet sjølv. Dette betyr for eksempel at formannskapet kan avgjera at ein folkevald er ugild i ei sak som er til behandling i formannskapet, medan kommunestyret kan avgjera at den same folkevalde er gild når den same saka kjem til behandling i kommunestyret.

### Reglar i andre kommunar

Kommuneadministrasjonen har sett på rutinar i nokre andre kommunar. Me har festa oss ved Melhus kommune, som har lagt ut rutinar og eksempel på nettsidene sine, sjå <http://www.melhus.kommune.no/habilitetsvurdering-ifm-behandling-av-politiske-saker.5902357-341750.html>.

### Vurderingar og konsekvensar:

Kommuneadministrasjonen foreslår at me tek utgangspunkt i Melhus kommune sine reglar/rutinar, og på grunnlag av dette fastset tilsvarande reglar/rutinar for Samnanger. Dette kan då vera vedlegg til reglementet for kommunestyret m.fl.

Forslag til reglar/rutinar for Samnanger følgjer nedanfor (i brun skrift). Det er gjort ein del tilpassingar og tilføyinger i forhold til Melhus kommune sine reglar/rutinar.

### **Forslag til reglar/rutinar for Samnanger kommune**

#### **VURDERING AV GILDSKAP VED HANDSAMING AV POLITISKE SAKER**

Utgangspunktet for vurdering av gildskap er reglane i [kapittel II i forvaltningslova](#) og [§ 40.3 i kommunelova](#).

##### **Generelt:**

Folkevalde må sjekka saklista/møteinnkallinga i god tid før møtet (normalt så snart som mogleg etter at møteinnkallinga/sakspapira er sendt ut), og sjå om det skal opp saker som ein kan vera ugild i. Dersom den folkevalde trur at han/ho kan vera ugild i ei sak, må han/ho så snart som mogleg meld frå om dette til sørviscenteret (på e-post til [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)). Sørviscenteret vil om nødvendig leggja spørsmålet fram for rådmannen og ordføraren/utvalsleiaren for nærmere vurdering, slik at det kan takast stilling til om det skal kallast inn varamedlem. Den folkevalde må i meldinga til sørviscenteret kort beskriva kva saka gjeld og kvifor han/ho meiner dette kan føra til ugildskap.

Det er høve for folkevalde til å ta opp spørsmål både om eigen og andre folkevalde sin gildskap i ei sak. Dersom ein folkevald før møtet melder inn spørsmål om ein annan folkevald sin gildskap, vil sørviscenteret om nødvendig ta kontakt med den folkevalde som spørsmålet gjeld, for å få informasjon. Sørviscenteret vil då opplysa til den folkevalde kven som har stilt spørsmål om gildskapen hennar/hans.

Folkevalde har òg høve til å ta opp spørsmål om gildskap i møtet, men det er ønskeleg at slike spørsmål i størst mogleg grad er varsle til sørviscenteret før møtet, jf. avsnittet ovanfor.

Ordføraren/utvalsleiaren har også ansvar for sjølv å overveia om nokon av medlemmene kan vera ugilde i sak/saker som skal opp i møtet, og plikt til å få kalla inn varamedlemmer for medlemmer som ein må rekna med vil måtte fråtre som ugilde. Jf. side 384 i kommentarutgåve til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneforlaget, 6. utgåve 2014).

Spørsmålet om ugildskap vert avgjort av det aktuelle folkevalde organet før saka vert teken opp til handsaming.

##### **Automatisk ugildskap etter forvaltningslova § 6 første ledd:**

Du er automatisk ugild dersom du:

1. Sjølv er part i saka. I så fall beskriv til sørviscenteret *kvifor* du vurderer deg som part i saka.
2. Er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken. Beskriv i så fall til sørviscenteret kva tilknyting du har til personen og *kvifor* du vurderer vedkomande som part i saka.
3. Er eller har vore gift med eller er forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part i saka. Beskriv i så fall til sørviscenteret kva tilknyting du har til personen og *kvifor* du vurderer vedkomande som part i saka.
4. Opptrer eller har opptrådt som oppnevnt verge eller fullmektig (for eksempel advokat) for ein part i saka etter at saka begynte. Beskriv i så fall til sørviscenteret kva tilknyting du har til personen og *kvifor* du vurderer vedkomande som part i saka.
5. Er leiар eller har leiande stilling i, eller er fast medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap, stifting, foreining el.l. som er part i saka. Beskriv i så fall til sørviscenteret kva *rolle* du

*har, kva selskapsform foretaket har og kvifor du vurderer foretaket som part saka. (NB: dersom du utfører tenester eller arbeid for eit selskap som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka - utløyser det ikkje automatisk ugildskap!)*

*Part i saka er person, selskap, organisasjon eller liknande som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.*

#### **Ugildskap etter forvaltningslova § 6 andre ledd ("andre særegne forhold")**

Du kan verta vurdert som ugild etter § 6 andre ledd dersom du eller nokon du har nær personlig tilknyting til har særleg *fordel, tap eller ulempe* avhengig av utfallet i saka. Dette gjeld i første rekke økonomisk, men kan også vera i form av godvilje, «kanselse» og anna. Her må det gjerast ei skjønnsmessig vurdering, og det er då viktig at det ligg føre nok opplysningar til at vurderinga kan gjerast. Det må gjevast tilstrekkeleg informasjon om eiga tilknyting og kva type fordel/tap/ulempe det gjeld, slik at vurderinga kan gjerast.

NB: Den skjønnsmessige vurderinga etter § 6 andre ledd skal ikkje overprøva dei klare grensene som er sett i § 6 første ledd. **Eksempel:** Dersom du er søskenbarn til ein part er du ikkje ugild med mindre det ligg føre andre forhold *utover* det at du er søskenbarn.

#### **Nokre eksempel på vurdering av «andre særegne forhold»:**

1. Du er ikkje ugild om du som folkevald er *medlem av interessegruppe* eller liknande, og har formidla eit spesielt syn i saka. (Du vert ikkje ugild av å vera politisk «forutinntatt» og politisk aktiv i forkant.)
2. Dersom du ikkje er direkte part i saka, men *har klageadgang* (for eksempel nabo), kan du være ugild (etter § 6 andre ledd) dersom du «*har særleg personlig fordel, tap eller ulempe avhengig av utfallet i saka*». Har du *levert ein klage* er du imidlertid automatisk ugild (etter § 6 første ledd), fordi du då er blitt part i saka.
3. *Fordelar eller ulemper som gjeld større grupper* gir ikkje automatisk ugildskap. Dette gjeld for eksempel om du bur i eit område der utviklingsplanar kan gje fordelar eller ulemper for alle beboarane. Dersom du har *spesielle* fordelar eller ulemper (som dei andre i gruppa ikkje har), kan du vurderast som ugild etter § 6 andre ledd. Er du direkte formell part i saka vil du vera ugild etter § 6 første ledd.
4. Er du *medlem* eller *varamedlem* i styre for eit *kommunalt foretak* som er part i saka, er du *ikkje ugild* ifølgje § 6 første ledd punkt e. Det må då vera andre forhold der du «*har særlig personlig fordel, tap eller ulempe avhengig av utfallet i saken*» som eventuelt gjer deg ugild.
5. Er du *varamedlem* i eit styre som er part i saka er du ikkje ugild slik faste styremedlemmer er (§ 6 første ledd punkt e) med mindre du har møtt ved styret si handsaming av den aktuelle saka. Då er du å rekna som styremedlem og vil være ugild. Dersom du som varamedlem har møtt jamnleg i styret vil du vurderast som ugild etter § 6 andre ledd – «*andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet*».
6. Er du *medlem i representantskap, generalforsamling eller andre eigarorgan* på vegner av Samnanger kommune er du *ikkje ugild* etter § 6 første ledd. Då representerer du eigar (Samnanger kommune) og ikkje selskapet, i motsetning til om du er styremedlem. Det må då vera andre forhold der du «*har særlig personlig fordel, tap eller ulempe avhengig av utfallet i saken*» som eventuelt gjer deg ugild etter § 6 andre ledd.
7. Har du i jobben din vore *rådgiver for part i saka* vil du normalt vera ugild etter § 6 andre ledd («*andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet*»). Du vert imidlertid ikkje ugild om part i saka er kunde hos firmaet du jobbar i, med mindre kunden er så stor at det har vesentlig betydning for firmaet, eller at du har direkte personlig/økonomisk fordel/ulempe av utfallet i saka. Dersom du i ei tidligare stilling har vore rådgjevar for part i saka, men har skifta arbeidsgjevar når saka kjem til handsaming, vil du kunne vera ugild.
8. Du vert ikke ugild ved å kombinera dei ulike bestemmelsane i § 6 første ledd. For eksempel vert du ikke ugild om du er gift med medlem i styre for selskap som er part i saka eller dersom broren din er fullmektig for part i saka. Det må då vera andre forhold som vert vurdert etter § 6

andre ledd, for eksempel dersom du sjølv eller ein du har nær personlig tilknyting til har særleg fordel/tap av eit bestemt utfall i saka.

### **Spesielt om ugildskap etter kommunelova § 40.3**

Kommunelova § 40.3 har reglar som vedkjem gildskap i kommunal forvaltning. Her er nokre eksempler som kan vera aktuelle for folkevalde i kommunen:

1. Du er ikkje ugild ved val til offentlege tillitsverv eller ved fastsetting av godtgjersle o.l. for slike verv.
2. Gjeld kommunalt tilsette: Du er ugild dersom du som tilsett i kommunen har delteke i førebuingar til saka. Denne regelen gjeld imidlertid ikkje ved handsaming av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regionalplan.
3. I heilt spesielle tilfelle kan det oppstå ugildskap ved handsaming av klage på enkeltvedtak. Du er ugild dersom du har vore med å treffa vedtaket det vert klaga på.

### **Om kommunelova § 40.4 - fritak for å delta under handsaminga av ei sak**

Det kan oppstå tilfelle der ein folkevald ber om å verta friteken frå å vera med i handsaminga av ei sak, sjølv om vedkomande ikkje er ugild. Kommunelova § 40.4 opnar for at vedkomande organ kan frita eit medlem frå å delta ved handsaminga av ei sak når han eller ho ber om det før saka blir teken opp til handsaming, og viktige personlege grunnar tilseier dette.

Det går fram på side 21 i Kommunal- og regionaldepartementet sin veiledar om habilitet i kommunar og fylkeskommunar at bakgrunnen for denne regelen er at sjølv om det ikkje ligg føre ugildskapsgrunn, kan det oppstå situasjonar der det vil medføra ei personleg belastning for ein folkevald å delta ved handsaminga av ei sak. Departementet understrekar at fritaksadgangen etter § 40.4 skal brukast med varsemd, og at regelen ikkje må praktiserast på ein måte som set til side dei grunnleggjande reglane i kommunelova om møteplikt (§ 40.1) og plikta til å røysta ved avstemmingar (§ 40.3). I kommentarutgåve til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneforlaget, 6. utgåve 2014, side 391) vert det òg peika på at reint politiske omsyn eller problem i forhold til veljargrupper eller eige parti ikkje i seg sjølv vil kunne tena som grunnlag for fritak etter § 40.4.